

• Vekeplan 9. trinn

Veke 40 og 42

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Kunna skriva søknad - Bruka språket i tilpassa situasjonar - Øva på sidemål
Engelsk	- Reading, writing and speaking about health and well-being - Read, write and speak about English speaking countries - Using prepositions - Using linking words - Engage with five-paragraph texts.
Matematikk	- Laga eit enkelt budsjett i rekneark - Beskriva og forklara utviklingar i geometriske mønster og talmønster - Utforska og beskriva eigenskapane til ulike mangekantar - Rekna ut vinkelsum i mangekantar
Samfunnsfag	- Vurdera korleis arbeid, inntekt og forbruk kan påverke personleg økonomi, levestandard og livskvalitet - Utforska korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfta innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur
KRLE	Utforska buddhismens stilling i Noreg og verda i dag
Naturfag	- Utforska nokre kjemiske reaksjonar og vurdera sikkerheitstiltak som er knytt til forsøka - Bruka periodesystemet til å forklara nokre typiske eigenskapar for metall, molekylsambindingar og salt
Spansk	- Kunna snakka om noko som skal skje - Repetisjon om klokka - Tidsuttrykk og frekvensord
Tysk	- Å kunna handla/ bestilla mat og klede på tysk - Modale hjelpeverb i preteritum
Eng fordj	- Førebuing til skriftleg prøve, arbeida med verba was & were - Repetisjon av Living life to the full Move 2 boka
Arbeidslivsfag	- Bli kjent med arbeidsplassen - Læra nye arbeidsoppgåver og bli kjent med andre ansatte i bedriften
Kroppsøving	Orientering: - Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. - Forstå fleire typar kart og digitale verktøy og bruka det til å orientera seg i kjente og ukjente miljø Innsats: - Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre - Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre.

M&H	• Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse • Bruka sansane til å vurdera kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat
Musikk	• Kunne bruke Garageband til å laga filmmusikk
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planlegga dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med budsjett, rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fysisk aktivitet	• Øva på ulike rørsleaktivitetar åleine og saman med andre • Godta at folk er ulike i rørsleaktivitetar, samarbeida godt og oppmuntra andre til å vera med
Friluftsliv	• Planlegga og gjennomføra eigentur • Ta ansvar for sporlaus ferdsel • Ferdast trygt i naturen og ta ansvar for seg sjølv og andre
Innsats for andre	• Planleggja og utvikla sosiale tiltak som bidreg til et inkluderande samfunn • Følgje etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjonen til ulike målgrupper • Gjennomføra praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre
Olweus	• Seia "Hei!" til medelevar i klassen. Øva seg på å snakka med elevar frå andre trinn på turneringa.

INFORMASJON TIL HEIMEN

Psykisk helseveke

I veke 40 skal me markera verdsdagen for psykisk helse. Elevrådet har ønska å arrangera ei stikkbasketturnering i Timehallen, der heile skulen er med og elevane er på aldersblanda lag. Innleiande rundar vil bli spelt på onsdag. Finalane blir spelte på fredag, der vinnarlaget skal få spela mot lærarane. I tillegg er det undervisningsopplegg i løpet av veka med temaet, og fredag skal elevane rundt på ulike stasjonar der dei får nytting informasjon om temaet.

Elevbedrift

Rett etter haustferien skal elevbedriftene samlast for planlegging av arbeidet. Føresette kan vera mentorar og hjelparar. Bedriftene kan ikkje ha sponsorar eller motta gåver. Føresette kan vera med-kasserer dersom bedrifta treng tilgang til bankkonto og vipps. Det er viktig at alle vaksne følger med på ressursbruken og rekneskapet. I slutten av oktober blir det intense produksjons- og sals-veker, og onsdag 12. november kl. 17-18.30 blir det elevbedriftsmesse i gymsalen. Alle som har lyst, er velkomne der. Set av datoen! Deretter blir det skatteinnbetaling til trinn-kassen før avvikling av bedrifta. Dei beste bedriftene reiser til Stavanger på regionsmeisterskapet til våren.

Elev- og utviklingssamtalar

I veke 40-42 skal kontaktlærarane gjennomføra elevsamtalar med elevane. I november vil føresette bli inviterte til utviklingssamtale.

Sykkel, hjelm og refleks/lys

Me minnar å bruka refleks og ha lys på sykkelen nå når det blir mørkare om morgonen. Veldig lurt å bruka hjelm i tillegg!

Haustrferie

Veke 41 er det haustferie! Nyt fridagane godt!

Helsing oss på 9.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Engelsk fordjuping	Skriftleg prøve	Karakter	Veke 40, 30.09.25
Tysk	Skriftleg prøve	Karakter	Veke 40, 30.09.25
KRLE	Skriftleg prøve	Karakter	Veke 40, 2.okt

HEIMEARBEID VEKE 40

Norsk

Les 3 * 20 minutt i boka di.
Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.

Engelsk	Read in the text "In the time of pandemic", you'll find the task on Teams.
Matematikk	Forklar omgrepa repeterande og veksande mønster, og ha med eitt eksempel på kvar. Gjer oppgåve 2.104 og 2.105. Lever på OneNote.
Samfunnsfag	Les diktet og gjer oppgåvene på denne sida: Um pengar - Aschehoug univers .
KRLE	Øv til prøven i hinduisme i veke 40. Bruk målark som du finn på One Note.
Naturfag	Forklar kva me brukar modellar til. Velg èin atommodell og utdyp om fordelar og ulemper ved bruk av denne modellen. Finn eit eksempel på èin kjemisk reaksjon, og skriv ned reaksjonslikninga til reaksjonen. Nevn minst 3 kjenneteikn på kjemiske reaksjonar.
Spansk	Skriv 5 setningar om kva du og andre skal gjera i haustferien på spansk. Skriv det i kladdeboka og ha det klart til tysdag.
Tysk	Førebu deg til prøven-sjå målark
Eng fordj	Førebuing til prøve, oppgåver på ark
Kroppsøving	Orientering: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u>.
Musikk	Når klassen er ferdig med folkedansane, skal me jobba i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar forventar, må du jobbe heime for å henge med. All info på OneNote/musikk.
M&H	På kjøkken: Me skal laga pøselapskaus, tilslørte bondepiker, boller Teori: Kapittel 2+3: Mat for glede og god helse (næringsstoff og kostråd)
Kantine	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Hugs innesko, hårstrikk, iPad og forkle Anne Marie si gruppe møter i 9A sitt klasserom. Hugs iPad.
Fysisk aktivitet	Sjå info på teams
Friluftsliv	Du skal på eigentur denne veka eller i haustferien. Hugs å ta bilete som du kan visa fram. Sjå kriterium på OneNote.
Innsats for andre	Møt i 9D sitt klasserom.

HEIMEARBEID VEKE 42	
Norsk	Les 3 * 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Engelsk	Write 6-8 sentences about an English speaking country you know something about.
Matematikk	Forklar begrepa nabovinkel og toppvinkel og vis eit døme til kvar. Gjer oppgåve 2.112 og 2.113 i oppgåveboka. Lever på OneNote,
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV . Skriv 3 setningar om to av nyheitssakene.
KRLE	Svar på spørsmåla til teksten «Buddhismen i dag»(I KRLE boka eller på aunivers): - Kor mange buddhistar er det i Noreg i dag? - Kva for to land kjem dei fleste buddhistar i Noreg frå?
Naturfag	Gjer "kva las du no?" oppgåve 1-4 s. 47 og gje minst tre døme på ulike salter.
Tysk	Les dialogen «Lecker bein Bäcker» s. 30-31 tre gonger høgt. Skriv ned alle glosene + nyttige fraser på norsk og tysk s. 30. (der Bäcker, lieben osv.)

Eng fordj	Vel ei nyheit du har høyrte eller sett i ferien og skriv om ho til læraren i fem setningar.
Kroppsøving	Orientering: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u>.
M&H	På kjøkken: Me skal laga pølselapskaus, tilslørte bondepiker, boller Teori: Kapittel 2+3: Mat for glede og god helse (næringsstoff og kostråd)
Musikk	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar forventar, må du jobbe heime for å henge med. All info på OneNote/musikk.
Kantine	Anne Marie si gruppe møter på kjøkken. Hugs innesko, hårstrikk, iPad og forkle Vegard si gruppe møter i 9A sitt klasserom. Hugs iPad.
Fysisk aktivitet	Sjå info på teams.
Friluftsliv	Du skal visa fram eigenturen din denne veka. Presenter turen og bileta dine i PowerPoint eller på OneNote.
Innsats for andre	Møt i 9D sitt klasserom.